Vedlegg 2

Årsmelding

Lokallagsstyret
I denne perioden har lokallagsstyret bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Anja Ertesvåg	Ulsteinvik Barneskule	Grunnskule	Konstituert leiar	01.08.23-01.08.24
Linda Arneberg	Almejordet Barnehage	Barnehage	Konstituert nestleiar	01.08.23-01.08.24
Styremedlemmar				
Caroline Torgersen	Høddvoll Barnehage	Barnehage	Styremedlem	
Linda Longva	Ulstein Ungdomsskule	Grunnskule	Styremedlem	
Randi Lyngbø Ottesen	PPT	FAS	Styremedlem	
Linda Sævik	Ulstein vidaregåande	Vidaregåande	Styremedlem	
Mette C. Holstad Bachke	Ulstein vidaregåande	Vidaregåande	Styremedlem	
Ole-Jacob Arnesen	Ulsteinvik Barneskule	Grunnskule	Styremedlem	
Aud Janne Hatlebakk	Ulstein Skule	Grunnskule	Styremedlem	
Vara styremedlemmar				
Hanne Indregård	IMU	Vaksenopplæring	1.vara	
			2.vara	
			3.vara	

Styremøte
Vi har hatt 9 styremøter i 2023 og behandla 64 saker.

Arbeidsplasstillitsvalde i lokallaget
Under ser du ei oversikt over kven som har vore tillitsvalde på arbeidsplassane i denne perioden. Vi har medlemmar på 21 arbeidsplassar i kommunen. Vi har tillitsvalde på 17 av arbeidsplassane. Vi har fått på plass tillitsvalde i alle barnehagane dette året.

Arbeidsplass	Namn	Verv
Haddal Skule	Lene Gamlemshaug	ATV
Hasund Skule	Silje Holstad Flø	ATV
Ulstein Skule	Nicolae Girbea	ATV
Ulsteinvik Barneskule	Hilde Aarsand Vik	ATV

Ulstein Ungdomsskule	Remi Vattøy	ATV
Ulstein Kompetansesenter	Arnhild Aasmo Bigset	ATV
Ulstein Vidaregåande Skule	Linda Sævik	ATV
Sundgotmarka Barnehage	Marge Grimstad	ATV
Norlandia Støylane Barnehage	Åse-Mari Sundgot Våge	ATV
PPT	Mona Eri Pettersen	ATV
Høddvoll Barnehage	Caroline Torgersen	ATV
Sætra Barnehage	Rolf- Anders Hætta	ATV
Almejordet barnehage	Karolina Klimek	ATV
Vikemarka Barnehage	Alina Ciobaca	ATV
PREG Barnehage	Kathinka Standal	ATV
Blåtinden Barnehage	Vilde-Sofie Haveland Sleire	ATV
Holsekerdalen 22	Solveig Steinnes	ATV

Valnemnda

Frå 1.august 2022 har fylgjande vore medlemmer i valnemnda:

Remi Vattøy	Hasund skule
Vedrana Terzic	Ulstein kommune sentraladministrasjonen
Maria Myrene	Ulstein skule
Karolina Klimek (vara)	Almejordet barnehage

Utval, råd og fora
Lokallagsstyret har oppnemnt forhandlingsutval.
Anja Ertesvåg- forhandlingsleiar
Ole-Jacob Arnesen
Mona Eri Pettersen
Linda Arneberg
Aud Janne Hatlebakk

Medlemmar
Utdanningsforbundet har per 01.01.24 385 medlemmar. Dette er ein auke på 9 medlemmar sidan 01.01.23.. Lokallagsleiar har hatt eit frikjøp på 45 %, HTV fekk auke opp frikjøpet sitt til 55 %.

Prioriterte saker for Utdanningsforbundet Ulstein i årsmøteperioden.

Førre årsmøte vedtok at vi framleis skulle jobbe med desse satsingsområda frå Vi utdannar Norge fram til nye vart vedtekne på Landsmøtet.
Retningsliner for arbeidet i føregåande årsmøteperiode
Dei fire satsingsområda er :

- Trygge og helsefremjande arbeidsplassar: Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for arbeidsplassar prega av eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø.
- Styring av utdanningssektoren: Utdanningsforbundet skal vere pådrivar for at nasjonal og lokal styring og utvikling av utdanning byggjer på eit breitt forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag og støttar opp under ei brei målforståing.
- Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen: Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for sterkare lovverk sentralt og utvikling av lokale tiltak som kan betre bemanninga i barnehagen og barnehagelærartettleiken.
- Lønnspolitisk offensiv for lærarar i skulen: Utdanningsforbundet vil arbeide for at den låge lønnsutviklinga for undervisningsstillingar blir stansa og kompensert for. Utdanningsforbundet skal arbeide for skjerpa krav i samfunnet til at alle elevar skal

ha lærarar med godkjent lærarutdanning i alle undervisningstimar.

I tillegg til desse meir overordna arbeidsområda, har vi jobba med:
-Høyring «Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling. Lokallaget jobba grundig med denne høyringa og sende innspel til Fylket
-Høyring om ny IKT-instruks for tilsette i kommunane
-Starta opp med faste ATV-samlingar to gongar i halvåret
-Starta opp med eigen klubb for leiarar med samlingar 1-2 gongar i halvåret

Medlemsaktivitet
Årsmøte 2023
Vi arrangerte årsmøte med torettars middag på Sunnmøre Folkehøgskule 16.03.23. Her var over 80 påmelde.
Medlemsmøte haust
Vi inviterte Orlaug Bjørdal Kårstad som er nestleiar i Fylkesstyret til å kome å snakke om temaet «Vald og trugslar» i skule og barnehage. Vi hadde heile 80 påmelde og fekk gode tilbakemeldingar på arrangementet, eit tema som var aktuelt og engasjerte alle medlemsgrupper. Vi avslutta møtet med middag og dessert på Sunnmøre Folkehøgskule.
Vi arrangerte felles arrangement for pensjonistar i Sjustjerna med omvisning på nye Sæbø skule og servering av brennsnut. Svært få deltok frå Ulstein.

Kurs og møter
ATV- kick off på Ulstein hotell
TVO 1 i Loen for nye tillitsvalde; eit samarbeid med Sjustjerna
Styrekurs for lokallagstyret i Loen i November. Her søkte vi og fekk innvilga midlar frå Fylkeslaget som dekte dette kurset.
Fylkesårsmøte i Geiranger. Vi hadde med fire i vår delegasjon.
Nettverkskurs i Sjustjerna vår og haust. Fire representantar frå styret deltok
Fleire tillitsvalde deltok på kurs i grunnopplæringa og også det årlege tillitsvaldkurset Utdanningsforbundet arrangerer kvart år.

Utvida styremøte i juni for styret, ATV-ar og valnemda. Etter møtet var det middag på Maluns.

Kontor
Lokallagsleiar/HTV har fast kontortid kvar dag 08.00-16.00 på Rådhuset.

Årsmelding frå hovudtillitsvald- dette er saker HTV har arbeidd med siste året:
Pensjonsavtale ut på anbod
Revidering lønspolitisk plan
Revidering klegodtgjersle
Nye ansiennitetsreglar
Arbeidsmiljø
Bemanning og rekruttering i skule og barnehage
Styrke kontaktlærarordninga-to kontaktlærarar i store klasser
Tilsetjingar, m.a. kommunedirektør
Jobbar med å få på plass mentorordning i alle skular og barnehagar
Har fått til ekstra midlar til skulebøker for dei to neste skuleåra.
HTV er representert i Samhandlingsutvalet, AMU, Administrasjonsutvalet og har i tillegg jamlege møter med kommunalsjef oppvekst og kultur.
I tillegg ei rekke saker som omhandlar tariff og lovverk.

Medlemsstipend
Vi innvilga medlemsstipend til to enkeltpersonar frå skule, i tillegg til at 20 medlemmar frå barnehage fekk innvilga støtte til Barnehagekonferansen.